



**Notat**

Dato: 01.11.2016  
Arkivsak: 2016/8844-4  
Saksbehandlar: heilars

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

## **Status for Bergen sitt medlemskap i UNESCO Creative Cities Network som gastronomiby**

### **Bakgrunn**

I møtet 20.10.2016 bad Silje Hemdal om ei orientering om Hordaland fylkeskommune sitt arbeid knytt til å behalde medlemskapet i Unesco sitt nettverk for kreative byer. Bergen er medlem som gastronomiby.

### **UNESCO sitt nettverk for kreative byer**

UNESCO Creative Cities Network (UCCN) eller "kreative byers nettverk" vart lansert av UNESCO i 2004. UCCN har 116 medlemar i 54 land. Forutan mat/gastronomi, består UNESCO-nettverket av byer som samarbeider om design, litteratur, handverk, film, musikk og mediekunst. Nettverket skal bidra til internasjonalt samarbeid mellom byer som forpliktar seg til å investere i kreativitet og som ynskjer å bruke kreativitet som ein drivar for berekraftig urban utvikling, sosial inkludering og levande kultur. Kreative byers nettverk er eit av UNESCO sine tiltak for å fremme berekraftmåla til FN. FN sin 2030 agenda for berekraftig utvikling framhevar kreativitet og kultur som ein nøkkelfaktor for berekraftig urban utvikling. UNESCO er oppteken av at byar finn løysningar for kreativt samarbeid og arbeidar for å finne gode arenaer for kommunikasjon og samarbeid med lokale, kreative aktørar.

### **Hordaland fylkeskommune si rolle i søknadsprosessen**

Søknadsprosessen om medlemskap i UCCN starta med ei moglegheitsstudie i 2012. Moglegheitsstudie var initiert av kokkar, lokalmat produsentar, Bergen kommune og resten av partnerskapen. I 2013 oppmoda Hordaland fylkeskommune Bergen kommune til å sende inn søknad til UNESCO på vegne av heile matfylket Hordaland (Sak 155/13). Bergen kommune søkte i 2014 og fekk avslag frå UNESCO, men fekk forslag til forbetringar og blei oppmoding om å sende ny søknad. Våren 2015 blei ny søknad utarbeida av ei arbeidsgruppe bestående av Bergen kommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling, Peter Haugan frå den norske UNESCO-kommisjonen og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune leia arbeidet. Desember 2015 blei Bergen innvilga medlemskap i UNESCO sitt nettverk for kreative byer som gastronomiby.

### **Kva blir Bergen målt på av UNESCO?**

Medlemsbyane skal rapportere løypande til UNESCO, og med ei omfattande rapportering med påfølgande evaluering av byenes aktivitet og måloppnåing kvart fjerde år. Dersom evalueringsresultatet over to periodar ikkje er tilfredsstillande, kan det medføre at byen mister medlemskapet i nettverket. Bergen har gjennom medlemskapet forplakta seg til å bidra til oppfyljing av UNESCOs «Mission Statement» og skal bidra til å:

- Styrke internasjonalt samarbeid mellom medlemsbyane
- Støtte kreative tiltak for byutvikling, særlig gjennom offentlig/privat/frivillig samarbeid
- Styrke utvikling, produksjon, distribusjon og spreing av kulturelle aktivitetar, varer og tenester
- Utvikle kreativitets- og innovasjonssentre og eit spekter av moglegheiter for innovatørar og profesjonelle i kultursektoren
- Betre tilgang og deltaking i kulturlivet, samt oppleving av kulturelle aktivitetar, varer og tenester, spesielt for marginaliserte og sårbare grupper og individ
- Integre kultur og kreativitet i alle lokale utviklingsstrategiar og planer

I tillegg skal ein by med gastronomiby arbeide aktivt for å sikre følgande:

- Velutvikla gastronomi/ matkultur som er karakteristisk for regionen
- Innovativ og aktiv matbransje med kokkar og restaurantar med god kjennskap til lokale mattradisjonar
- Bruk av lokalmat, gjerne i tradisjonelle matrettar fra regionen
- God ivaretaking av tradisjonelt mathandverk og matlagingsmetodar som har blitt bevart tross industriell/teknologisk utvikling
- Tradisjonelle matmarknader og matbransje
- Matfestivalar, konkurransar, priser og andre tiltak for å fremme verdsetjing
- Respekt for miljø og fremming av bærekraftige, lokale produkt
- Fremme god mat og ernæring i befolkninga, i mat og skole og inkludering av program for bevaring av biologisk mangfald i pensum for kokkeskoler

#### **Korleis er arbeidet med UNESCO medlemskapen organisert ?**

UNESCO arbeidet blir leia av ei styringsgruppe. Samansetninga av styringsgruppa er vidareført frå søknadsperioden. Styringsgruppa skal møtast fire gangar i året, og består av følgande deltakarar:

- Julie Andersland, Bergen kommune (leder)
- Pål Kårbø, Hordaland fylkeskommune
- Bård Sandal, Hordaland Fylkeskommune
- Åse Vaag, Fylkesmannen i Hordaland
- Kjetil Jensen, Bergen kokkenes Mesterlaug
- Peter M Haugan, professor UiB, nestleiar den norske UNESCO-kommisjonen
- Eric Saudan, NHO reiseliv og Bergen Reiselivslag
- Vidar Ulriksen, Fiskeridirektoratet
- Lars Petter Taule, Bondelaget i Hordaland
- Ole-Andreas Smette, Innovasjon Norge
- Tanja Hoel, Seafood Innovation Cluster
- Elin Sjødin Drange, Bergen kommune (sekretariat)

«Handlingsplan for Matbyen Bergen for 2016-2017» er godkjent av styringsgruppa. På styringsgruppemøte 22.september 2015, ble det bestemt å ikkje opprette ein ny organisasjon med eiga budsjettlinje for å følgje opp UNESCO-prosjektet dersom Bergen fikk innvilga medlemskap i nettverket. Ei arbeidsgruppe som skal følgje opp arbeidet med UNESCO-prosjekta blei satt saman, og denne gruppa skal være pådrivar for å gjennomføre tiltak og prosjekt som underbygger innhaldet i søknaden. Gruppa har deltakar frå Bergen kommune, Fylkesmannen sin landbruksavdeling og Hordaland fylkeskommune. Finansiering av prosjekt skal gjerast over budsjetta til de ulike aktørane i partnerskapen.

#### **Veivalg for lokalmat i Hordaland (Matstrategien)**

Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannens landbruksavdeling, Innovasjon Norge og Fiskeriforum Vest (på oppdrag frå Bergen kommune) har utarbeidet «Veivalg for lokalmat i Hordaland» (heretter kalla Matstrategien) for Hordaland som Fylkesutvalet slutta seg til i 2014. Både mål og tiltak i Matstrategien er i stor grad i eins med målsettingane nedfelt i UNESCO-arbeidet, men ettersom det ikkje er full overlapping,

er det valt en organisering kor «Regionalt matforum» arbeider med oppfølging av Matstrategien og UNESCO-arbeidsgruppe arbeider med UCCN. Regionalt matforum har representantar frå Innovasjon Norge, Bergen kommune, Fylkesmannen si Landbruksavdeling og Hordaland fylkeskommune. Sjå figur under for modell for organisering av matarbeidet i Hordaland.



#### Fylkeskommunen si rolle i arbeidet med UNESCO medlemskapen

Bergen kommune eig medlemskapen, men er medlem på vegne av heile regionen. Hordaland fylkeskommune støttar Bergen kommunen sitt arbeid på ulike måtar. Hordaland fylkeskommune gjev stønad til enkeltprosjekt som bidreg positivt til målsetjingane i UNESCO. Nokre eksempel på prosjekt som Hordaland fylkeskommune har støtta er: Matfestivalen 2016, NM i Pesto, «Tørrfisk –identitesbærer for Bergensmatkultur», «Forprosjekt- tare dyrkarnettverk for mat», «alge etablerere: fra dyrking til produkt- og næringsutvikling» og «Møteplass Mat». Matarena AS fekk partnerskapsmidlar for 2016 og 2017 for at dei skal fremje matkompetanse og mattradisjonar i fylket.

Landbruksmidlane som Hordaland fylkeskommune administrer, bidreg til fleire kurs i lokalmatproduksjon, samt styrking av ressursgrunnlaget.

Hordaland fylkeskommune er blitt tildelt spesielt ansvar for nokre punkt i «Handlingsplan for matbyen Bergen (UCCN) for 2016-2017» slikt som utvikle ein klarere regional matidentitet, kontakt med FoU, rekruttering knytt til matfaga, mat og reiseliv, internasjonalt samarbeid. Hordaland fylkeskommune har delteke på eit europeisk møte i regi av UCCN. Utover dette er fylkeskommunen kontinuerlig i tett og god dialog med Bergen kommune og bidreg litt etter behov som sparringspartar og medarrangør.